



## Møteinkalling

---

**Utval:** **Folgefonna nasjonalparkstyre**

**Møtestad:** Rosendal

**Dato:** 07.01.2025

**Tidspunkt:** 09:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.



## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 1/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/25	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 3/25	Framlegg - søknad om å køyre organiserte turar med hundeslede i Folgefonna nasjonalpark - Monica Hundseid	2023/13980	
ST 4/25	Utviding og endring av løyve - Folgefonna nasjonalpark - bygging av vedbod - Hjortedalen - Valestrand Beitelag	2023/17709	
ST 5/25	Framlegg - Oppgradering/fornying av kraftledning - 22kv - Mosdalen - Folgefonna nasjonalpark - Jøsok AS	2024/7981	
ST 6/25	Høringsinnspel - Folgefonna nasjonalparkstyre - 420 kV kraftledning - Sauda - Blåfalli - Mauranger - Samnanger - Øygarden	2024/16264	
ST 7/25	Søknad om midlar til tiltak - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025	2024/16502	
ST 8/25	Søknad om midlar for drift og planarbeid - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025	2024/16502	
ST 9/25	Møteplan - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025	2024/16502	
ST 10/25	Referatsaker		
RS 1/25	Tilleggsinformasjon - bygging av vedbod - Hjortedalen - Valestrand Beitelag - Folgefonna nasjonalpark	2023/17709	
RS 2/25	Referat frå synfaring - Flaum i Mosneselva 2024 - Folgefonna nasjonalpark	2024/17076	
RS 3/25	Uttale til varsel om omgjering av vedtak - Folgefonna nasjonalpark - bygging av sikringsbu - Holmaskjer turisthytte - Odda/Ullensvang turlag	2024/789	
RS 4/25	Utdredning av organisering av verneområdeforvaltere - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025	2024/16502	
RS 5/25	Disponering av midler knyttet til verneområdeforvaltere og statsforvaltermebetene	2024/16502	
RS 6/25	Uttale frå Odda/ullensvang turlag - Folgefonna nasjonalpark - bygging av sikringsbu - Holmaskjer turisthytte - Odda/Ullensvang turlag	2024/789	
RS 7/25	Avtale om produksjon av plakatinhald Besøkssenter nasjonalpark FolgefonnaFolgefonna nasjonalparkstyre 2024	2023/17925	
RS 8/25	Bruken av utvalgsmodulen i Elements	2024/123	
ST 11/25	Delegerte saker		

DS 1/25	Delegert vedtak - Løyve til dronefyking i samband med flaumskade på veg i Sandvikedalen Mosnes - Folgefonna nasjonalpark	2024/16763
DS 2/25	Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel til ettersøk av sau i Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel - Helikopter - Sauanuten Beitelag	2023/13837
DS 3/25	Delegert vedtak - Køyring med ATV med belter til Vierdal og Lauvås i Folgefonna nasjonalpark - Hilde Sandvin	2024/18830
ST 12/25	Ymse	

**ST 1/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden  
ST 2/25 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2023/13980-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 17.10.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	24/24	24.10.2024
Folgefonna nasjonalparkstyre	3/25	07.01.2025

## Framlegg - søknad om å kjøre organiserte turar med hundeslede i Folgefonna nasjonalpark - Monica Hundseid

### Innstilling frå forvaltar

Monica Hundseid får særskilt løyve til å kjøre hundeslede inn i Folgefonna nasjonalpark i samband med organisert turverksemeld. Løyve er gitt med heimel i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 5.2.

For løyvet gjeld følgande vilkår:

- Løyvet gjeld i perioden 01.05.25 -15.07.25
- Løyvet gjeld for inntil 2 turar dagleg (tur/retur) med start frå Fonna Sommarskisenter, og med inntil 5 hundesledar per tur.
- All tilrettelegging og opphold for hundar skal skje utanfor nasjonalparken, på område peikt ut av Fonna Sommarskisenter og i samarbeid med andre aktørar.
- Støy frå basecamp bør ikkje påverke turoppleveling inn i verneområdet.
- Hundebæsj og anna eventuelt avfall skal plukkast opp og ikkje etterlatast inne i nasjonalparken.
- Det må visast omsyn til dyreliv og andre friluftslivsaktivitetar i området.
- Søkjar skal avklare med Ullensvang kommune om hundecampen treng løyve etter plan- og bygningslova.

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje sett til side regler i anna lovverk. Høyr med Ullensvang kommune om dette. Tiltakshavar må i tillegg avklare med aktuelle reiselivsbedrifter og grunneigarar.

---

Nasjonalpark                   Folgefonna Nasjonalpark

Landskapsvernområde      Hattebergsdalen

Ænesdalen

Bondhusdalen

Buer

Naturreservat

Langebudalen



## Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 24.10.2024

### **Handsaming i møte**

Forvaltar orienterer om løyve og høyringsinnspel til søknaden. Styreleiar meiner styret treng meir tid på å handsame saka og vil utsetje saka til neste møte.


### **Vedtak**

Saka vert utsett til neste styremøte.


### **Saksopplysningar**

Monica Hundseid har søkt om løyve til å køre hundeslede inne i nasjonalparken i samband med eit planlagt reiselivsinitiativ. Ho ønskjer å ta med turistar på hundekøring i tidsrommet mai, juni og eventuelt halve juli i 2024, om føret tillet det. Planen er å ta med turistar på inntil to turar dagleg (morgen og kveld) med inntil 5 hundesledar per tur. Tal på turar vil avhenge stort av ver og føre og interessa blant turistar. Ho har vore i kontakt med Fonna Sommarskisenter som har peikt ut ein stad til dei ca. 30 hundane på ein fjellknaus, litt til sides for skisenteret. Hundebæsj vil plukkast opp langs løypa.

Per telefon opplyser søker om at sesongen 2024 var veldig god, at løysinga med camp fungerte godt og at dei samla opp og køyrte ned all hundeskit frå nasjonalparken. Planen for 2025 er å ha camp på teltsleder på same lokalitet.



Kart over basecamp (opphold for hundar) og tenkt løypepetrasé med start nær Fonna Sommarskisenter.



Kart som viser bruken av områda. Jo mørkare strek, jo meir brukt er ruta. Aktiviteten til breførarlaget, sommarskisenteret viser tydeleg. Det ser ut som traseen vald til hundekøyring er lite brukt til andre



aktivitetar, men det er stort overlapp i aktivitet utanfor og rett ved vernegrensa (Strava Heatmap, 16.10.2024)

## Verneforskrift og verneformål

Søknaden må vurderast med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplanen. Nasjonalparken har som verneføremål å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde. Samstundes skal ålmenta ha høve til å oppleve naturen gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Vernereglane § 3, punkt 5.1 og 5.2 for Folgefonna nasjonalpark seier følgjande om organisert ferdsel:

*5.1: All ferdsel og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur eller kulturminne.*

*5.2: Organisert ferdsel og ferdelsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt tillatelse av forvaltningsmyndigheten*

I forvaltningsplanen vert ein aktivitet rekna som organisert når han krev ei viss planlegging, koordinering og leiing, har fleire enn 50 deltagarar, vert kunngjort på førehand eller har ei form for gjentaking (definisjon frå forvaltningsplanen). Etter denne definisjonen gjeld saka organisert ferdsel i Folgefonna nasjonalpark.

## Naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Det var gitt eittårig løyve til hundekøyring av nasjonalparkstyret i sak 32/23, 06.10.24. Dette var første året med organiserte hundesledeturar i Folgefonna og forvaltar sendte difor ut ein førespurnad til fleire lokale interessepartar for å høyre om deira erfaringar knytt til bruken av organiserte turar med hundesledar i nasjonalparken. Organisert ferdsel som ikkje er til skade på naturen kan betraktast som positivt da det gjer høve til naturoppleving i nasjonalparken og er ein næringsressurs for lokalsamfunna (jf, Forvaltningsplanen). Likevel kan kommersiell nyttig av verneområde føre til auka press på både verneområda og randsona rundt. Allemannsretten gir rett til å ferdast og å opphalde seg i utmarka - når ferdelsen "skjer hensynsfullt og med tilbørlig varsomhet"

Forskrift for Folgefonna nasjonalpark opnar opp for at ein kan søke om særskilt løyve til organisert ferdsel eller ferdelsformer som kan skade naturmiljøet. Hundesledekøyring er ikkje forbode i utmark og på fjellet etter friluftslova. Hundesledekøyring fører med seg ei plikt til å ferdast med varsemd, i likhet med annan ferdsel etter allemannsretten og friluftslova. Etter hundelova følger også generelle aktsemeldskrav for hald av hund. Naturmangfaldlova § 6 har også eit aktsemeldskrav so gjeld for alle høve der det ikkje er gitt løyve. I søknad om organisert ferdsel med hund i Folgefonna nasjonalpark er det berre tilhøve inne i verneområde som blir vurderte og teke omsyn til. Alle ledd i aktiviteten som føregår utanfor vernegrensa må handterast av relevant regelverk.



Ved vurdering av søknaden har forvaltar lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved hundekøyring i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det observert hare, fjellrype og ramn og noko rovfugl som brukar området. Inne i nasjonalparken er løypa berre på bre, som har mindre verdi som habitat for artane. Stor aktivitet med hund kan nok uroe desse dyra, men det er usikkert for forvaltar i kor stor grad ein kan skilje dette frå uroing ved anna type ferdsel eller uroing frå sjølve campen som er utanfor, men tett opp til vernegrensa.

Det er snakk om å køre to turar dagleg i inntil 75 dagar (mai, juni og halve juli), med inntil fem hundesledar per tur. Det er den same ruta som skal følgjast på alle turane. Ruta er om lag 7 km lang og går i all hovudsak inne i nasjonalparken oppe på breen (sjå kart). Søkjar vil ha base for hundane ved Fonna Sommarskisenter som ligg utanfor nasjonalparken. Tidsrommet er toppsesong for skisenteret som har sin hovudaktivitet utanfor verneområdet og for breførarlaget som baserer sin aktivitet på turar inn i nasjonalparken.

Eitt av føremåla med vern er å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde og gjere dette tilgjengeleg for alle gjennom enkelt friluftsliv utan teknisk tilrettelegging. Nordfonna er eit stort urørt område der mesteparten er verna frå store folkemengder fordi terrenget er utilgjengeleg. Ettersom etterspurnaden etter breopplevelingar blir større aukar så presset på dei delane av breen som er lett tilgjengeleg. Innfallsporten frå sommarskisenteret er heilt i særstilling då ein kan køre heilt til brekanten og kjem inn i nasjonalparken med ein kort spasertur. Terrenget her legg likevel ein del grensar for korleis området kan nyttast og all ferdsel kanaliserast til dei same områda, som gir stort press på nokre avgrensa område (sjå kart over ferdsel). Det er ein mykje brukt innfallsport både for kommersielle aktørar og for turlag og private. Etter naturmangfaldlova § 10 skal samla belastning på naturmiljøet vurderast.

I den avgrensa høyringa i samband med søknaden kjem breførarlaget med innspel at dei opplever negativ verknad av auka bruk av området. Særleg er det støy frå hundecampen som rekk langt inn i verneområda og som påverkar deira aktivitet negativt. Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Dette vil særleg gjelde i ein nasjonalpark. Forvaltar ser ulempa med at støy frå hundecampen påverkar turopplevelinga inne i nasjonalparken. Når det gjeld aktivitet som skjer utanfor vernegrensa kan ikkje nasjonalparkstyret styre denne, men vil vise til den generelle aktsemeldslikta som følgjer av naturmangfaldlova § 6. Om Ullensvang kommune skal handsame plassering av hundecamp etter sine regelverk kjem også naturmangfaldlova § 49 inn i spel. Her visast det til at om verksemد som ligg utanfor verneområdet kan påverke verneverdiane negativt skal ein vise omsyn til dette i sakshandsaminga.

Det er uklart for forvaltar om samla belasting her er så stor at å gi løyve til turar med hundekøyring vil overskride bæreevna for verneverdiane og opplevingskvalitetane i området. Både breførarlaget og søkjar tilbyr kommersielle tilbod for å vise fram brelandskapet i nasjonalparken i tråd med enkelt friluftsliv. I all forvaltning av verneområde skal vi bruke førevær-prinsippet for å sikre oss mot å overskride denne bæreevna. Det verkar som det høge presset særleg skapar problem på innfallsporten og at konfliktane mellom tilbydarane må løysast her. Det er også støy frå hundane når dei er på campen som påverkar verneverdiane negativt, då hundane stort sett er stille når dei er på tur. Aktiviteten verkar ikkje å føre til konflikt inne i verneområdet og er stort sett sporlaus. Søkjar bør vurdere om det er mogleg å



finne alternative plasseringar av hundecampen som kan minske støy inn i verneområdet og press på innfallsporten i samråd med dei andre aktørane i området.

Forvaltar vurderer at det er så stort press ved innfallsporten ved sommarskisenteret at det forringar naturopplevinga for ein del av dei besøkande. Dette er konfliktar som bør kunne løysast ved betre organisering aktørane imellom. Forvaltar konkluderer med at det er rom for å gi løyve til hundekøyring i nasjonalparken med visse vilkår for eitt år. Etter neste sesong bør ein igjen vurdere samla belasting og påverknad utanfor vernegrensa for å sjå om det framleis er konfliktar eller om situasjonen har betra seg.



Arkivsaksnr: 2023/17709-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 22.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	25/24	24.10.2024
Folgefonna nasjonalparkstyre	4/25	07.01.2025

## Utviding og endring av løyve - Folgefonna nasjonalpark - bygging av vedbod - Hjortedalen - Valestrand Beitelag

### Innstilling fra forvaltar

Løyvet til bygging av vedbod gitt av Folgefonna nasjonalparkstyre 26.07.2024, utvalssak 18/24, vert utvida til 01.12.2025.

For løyvet gjeld vilkåra frå løyvet gitt i sak 18/24, med visse endringar:

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev Valestrand beitesforening v/Jofrid Valen løyve til bygging av ei bod ved hovudhuset i Hjortedalen, Mosnes 13 98/1 i Folgefonna nasjonalpark. Løyvet er gjeve med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* punkt 1.3 c.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld bygging av vedbod med ytre mål og utforming i samsvar med søknad. Ytre mål: B= 2.7 meter, L= 4,4 meter, H= 3,6 meter (grunnflate = 11,88 m<sup>2</sup>).
- Bygget skal ha liggjande kledning. Kledninga skal ikkje vere impregnert og det skal nyttast tjærulin beis i same farge som hovudhuset.
- Taket skal vere av bølgeblekk og boda skal ha takutstikk.
- Fundamentet vert bygd av stein frå staden.
- Gamal tomt vert tilbakeført og dekka med torv/vegetasjon for å sikre rask revegeterering.
- Bygget skal vere utan vindauge og med ei enkel dør tilsvarende hovudhuset.
- Søkjar er ansvarleg for å rydde opp etter byggearbeidet og forsvarleg handtering av avfall.
- Byggearbeidet skal vere avslutta og plassen rydda for byggjeavfall innan 01.12.2024.
- Når tiltaket er ferdig skal det dokumenterast med bilete som vert sendt til Folgefonna nasjonalparkstyre på [folgefonna@statsforvalteren.no](mailto:folgefonna@statsforvalteren.no)



Når byggverket er klart søker de om motorferdselløyve til å frakte det opp etter gjeldande reglar i nasjonalparkstyret og Etne kommune.

## Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 24.10.2024

### Handsaming i møte

Styreleiar har vore på synfaring til Hjortedalen og sett det påbegynte bygget og stiller spørsmål ved å flytte plassering av bygget. Det er gjort mykje graving for å lage til tomt og boring i fjellet for å fundamentere. Styret ber difor forvaltar om å utgreie behov for å flytte bygget og at det må lagast ein plan for tilbakeføring av massar og vegetasjon på den påbegynte tomta.

Einstemming vedteke.

### Vedtak

Saka vert utsett til neste møte.


### Saksopplysningar

Løyvet til bygging av vedbod gitt av Folgefonna nasjonalparkstyre 26.07.2024, utvalssak 18/24, vert utvida til 01.12.2025.

### Søknaden

Saka er allereie handsama av Folgefonna nasjonalparkstyre.  
I forfølging av saka søker Kåre Høyland om utviding av fristen på sjølve løyvet og mindre endringar på sjølve bygget.

Han vil bygge vedboden som eit grindverksbygg etter same mål som godkjent av nasjonalparkstyret. Planen er å konstruere bygget heime og frakte det til Hjortedalen med helikopter våren 2025 og fullføre bygginga i.l.a sumaren. Bygget som allereie er påbegynt vil bli fjerna. Det er også søkt om å flytte heile bygget nokre meter mot nordaust som vist i kartet vedlagt under. På synfaring mandag 11. november opplyser søker at dei vil tilbakeføre vegetasjonen og jordmassane så godt det let seg gjere på den noverande tomta og dekke med torver. Sidan bygget no er planlagt som eit grindverk, vil ny fundamentering verte på stein. Søkjar har endra høgde på byggetekningane slik at det vert ståhøgde under tverrbjelkane, sjå byggetekning.



Figur: Ny plassering vert i høyre ende av huset.

## Vurdering

### Lovheimel

Saka gjeld oppføring av bygningar i Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova §§ 8-12.

Folgefonna nasjonalpark er i utgangspunktet verna mot inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar (Jf. § 3 pkt. 1.1). Det er opning i forskriften for at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til oppføring av bygningar i samband med husdyrnæringer:



*1.3 c) Oppføring av bygninger og anlegg i samband med husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet.*

Forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark gjer følgjande føringar:

*«Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til å setje opp nye bygninger i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring... Forvaltingsstyresmakta kan setje vilkår m.a. om plassering, val av materialar og utforming.*

*Ved søknad om løyve til å føre opp bygninger og anlegg i samband med husdyrnæring, også gjenreising av stølshus etter pkt. 1.3 c i vernereglane, skal det følge med landbruksfagleg dokumentasjon på at tiltaket trengst.»*

Vidare står det som målsetjing at:

- Lovverket bør praktiserast slik at den tradisjonelle landbruksdrifta kan halde fram som før, så lenge ho ikkje kjem i strid med verneføremålet.*
- Det er ynskjeleg å halde oppe beiting og tradisjonelle stølsområde i nasjonalparken, men utan å gjere større tekniske inngrep.*

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal kome fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Forvaltar har vurdert tiltaket etter verneforskrifta og naturmangfaldlova då saka vart lagt fram for nasjonalparkstyret 31. mai (jamfør styrevedtak 11/24) og 26.07.2024, utvalssak 18/24. Det er inga endring i vurderinga av miljørettsprinsippa i nml. §§ 8-12.

Søkjar ber om ein mindre tilpassing av plassering og høgde på bygget for å lette ein tradisjonell byggeskikk. Ny plassering er meir tilpassa landskapet. Forvaltar er einig med søkjar om at ny utforming og plassering vil vere eit betre alternativ enn der bygget står i dag og rår til å gi løyve til ny plassering og utforming. Forvaltar viser til at tiltakshavar må sørge for at tomta som allereie er grave opp må tilbakeførast så godt som mogleg. Det vil vere mogleg å bruke vegetasjonsdekket frå den nye tomta til å dekke over tilbakegravde jordmassar for å sikre at det gror att fortare. Det er positivt at grindverksbygget vert fundamentert ved å plasserast rett på stein og ikkje krev bolting eller boring i fjellet.



Arkivsaksnr: 2024/7981-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 22.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	5/25	07.01.2025

## Framlegg - Oppgradering/fornying av kraftledning - 22kv - Mosdalen - Folgefonna nasjonalpark - Jøsok AS

### Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gir Fagne AS løyve til å bytte ut eksisterande kraftline med ein ny kraftline som omsøkt. Løyve er gitt med heimel i verneforskrift for Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 1.3. j) og § 3 punkt 6.3 i)

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.01.2026 – 31.12.2026
- Løyvet gjeld for
  - Ta ned eksisterande kraftline og master (sjå kart i saka)
  - Setje opp nye master som omsøkt og strekke nye kraftliner
  - Boring i fjell skal haldast på eit minimum
- Alt avfall og spor etter byggearbeid må ryddast ut av området og fjernast innan fristen.
- Underkontraktørar skal vere underretta om vernereglane.
- Søknad om naudsynt motorferdsel sendast i god tid før arbeidet tek til, med ein plan over kva fylling som er naudsynt.
- Rapport over utført arbeid med bilete frå mastepunkta vert sendt til nasjonalparkstyret ved [sfvpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no), ved slutføring.

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Etne kommune om dette.

### Saksopplysningar

Jøsok Prosjekt søker på vegne av Fagne AS om løyve til å oppgradere kraftleidning som går gjennom Folgefonna nasjonalpark ved Mosnes i Etne kommune.

Søknaden oppsummert:

Fornying/oppgradering av 22 kV-ledning i eit strekk på ca. 780 m.

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebudalen



- Naudsynt boring, sprenging o.l. i samband med fundamentering av stolpar
- Helikoptertransport av nytt materiell, samt ved fjerning av master frå dei eksisterande lina
- Bruk av gravemaskin om det blir naudsynt. Gravemaskin vil i tilfelle bli transportert til mastepunkt med helikopter.

Dagens 22 kV-ledning mellom Tysse og Mosnes som går gjennom Folgefonna nasjonalpark ble bygd rundt 1960 og nærmer seg teknisk levetid.


Lina er bygd med enkeltstolpar i tre og med eit naudsynt skogryddingsbelte på ca. 15 meter. Dagens line har for liten kapasitet til å oppfylle behovet for overføringskapasitet med nye kraftverk under bygging.

### Mastene

Ny leidning vil ha større diameter på linene og må difor byggast med master med 2 stolpar pr. mast, og med eit naudsynt skogryddingsbelte på ca. 16 m breidd. Søkjær planlegg å bygge den nye leidningen i same trasé som den gamle, slik at det berre vert ein liten auke i skogryddingsbeltet. Det er planlagt å nytta same masteplassering som i dag, med eitt unntak. Mast nr M8 er tenk fjerna pga vanskeleg fundamentering i ei ur. Mastene vert fundamentert med boltar og stag i fjell som i dag, og bardunar som i dag.




Bilete som visar mast M7 med transformator. Dagens mast med fire stolpar skal erstattast av ei mast med 2 stolpar. Høgda blir om lag som før.



Kart over trasé, med dei åtte mastene markert inn.



Eksempel på transformator i mast



Fjerning av eksisterande linje vert gjort med helikopter samtidig som ny linje vert sett opp. Det er ikke naudsynt med landingsplass eller riggområde inne i nasjonalparken i samband med arbeidet.

Arbeidene som skal skje innenfor nasjonalparken skal utføres utenfor hekkesesongen for fugl. Vi planlegger for at alt arbeidet innenfor nasjonalparken utføres høsten 2026. Dersom det blir endringer i fremdriftsplanen, vil vi holde dere informert.

## Lovheimel

Saka må vurderast etter verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark

Føremålet med vern av Folgefonna nasjonalpark er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde og sikre geologisk og biologisk mangfold, verdfull vassdragsnatur og verdfulle kulturlandskap. Området er verna mot inngrep som vesentleg endrar karakteren til landskapet og det er generelt forbod mot t.d. vassdragsregulering, graving og påfylling av massar, sprenging m.m.

Frå forvaltningsplanen:

Vernereglane for nasjonalparken er ikkje til hinder for drift og vedlikehald av energi- og kraftanlegg, jf. pkt. 1.2 b) og 1.3 j)

§ 3 1.2 b) 1. *Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. Bruk av*



*motorisert transport krev særskilt løyve etter punkt 6.3.i).*

2. *Nødvendig istandsetting ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i ettertid sendast melding til forvalningsstyresmakta.*
3. *Oppgradering/fornyning av kraftanlegg og kraftliner for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt når dette ikke fører til vesentlige fysiske endringar i forhold til verneformålet.*

I dei tilfella der oppgradering og fornying av energianlegg vil medføre vesentlege fysiske endringar er det opna for å kunne søke dispensasjon for:

§ 3 1.3 j). *Oppgradering/fornyning av energi- og kraftanlegg som ikkje fell inn under § 3 punkt 1.2.b).*

- Der kraftanlegg eller kraftliner skal oppgraderast eller fornyast, og det er tvil om arbeidet medfører vesentlege fysiske endringar i høve til verneføremålet, skal forvalningsstyresmakta ta avgjerd om dette.

Det er også opna for å kunne gi løyve til motorferdsel i samband med oppgradering av eksisterande energi og kraftanlegg, jamfør § 3 punkt 6.3 i)

## Vurdering

Det er søkt om å fornye kraftlina som går gjennom Folgefonna nasjonalpark på Mosnes. Oppgradering av lina vil medføre at kvart mastepunkt vert endra frå ein til to master. Elles vil lina setjast opp i same trasé så langt det let seg gjere. Det er opna for å kunne gi løyve til oppgradering og fornying av kraftliner i verneforskrifta.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 15.11.2024).

For å ta vare på det urørte preget i området er det avgjerande at ein unngår nye tekniske inngrep. Det er planlagt å bruke den same traseen som eksisterande line og skogryddingsbeltet vert auka med ein halv meter på kvar side av lina.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. I brev om forelegging av tiltaket, sendt til Etne kommune og Statsforvaltaren i Vestland 22. august 2024 kjem det fram at søker har vurdert alternative trasear der lina er plassert utanom nasjonalparken:

*«Forbi Folgefonna nasjonalpark har vi vurdert et alternativ som går helt utenfor nasjonalparken. Dette blir vesentlig dyrere enn foreslått løsning, på grunn av lengre sjøkabel og etablering av ny ryddegate rett utenfor parken. Vi mener dette også vil være mer estetisk uheldig, med tanke på nærføring til Ytre Mosnes. Dette alternativet*



*krever også etablering av en ny lavspenningsforbindelse gjennom nasjonalparken, for strømforsyning til Mosnes.*

*Den foreslårte løsningen er valgt som den samfunnsøkonomisk beste, basert på topografi, arealbruk, miljø og kostnad.»*

Jøsok har difor vurdert at det vil vere betre å nytte eksisterande trasé enn å lage ein ny. Det er ønskeleg å halde tekniske installasjonar i verneområda på eit minimum, då slike tiltak alltid vil føre med seg arbeid med drift og vedlikehald og ei kraftline sørger også for at det må hoggast i skogryddingsbeltet. Lina krysser nasjonalparken i eit strekk på 700 meter. Eksisterande line har stått i seksti år. Det er viktig å ha eit langsigkt perspektiv i verneområda, då naturprosessane også har lang tidshorisont. Prinsipielt bør ein velje alternativ som legg inngrep utanfor verneområdet også når det er snakk om utbytting av eit eksisterande inngrep. Forvaltar ser at å flytte lina utanfor verneområdet vil føre til ei ny ryddegate og ein trasé som er mykje meir synleg frå langt hald. Slik sett kan det vere ei betre totalløysing å halde på eksisterande trasé.

Eksisterande mastepllasseringar skal haldast, med to master i staden for ein. Dette vert forankra i fjell eller fundament der det er lausmassar. Eksisterande master vert fjerna heilt og boltar må kuttast ned til berget. Det bør vere avgrensa boring og sprenging i fast fjell. Det er planlagt å fjerne alle master og material med helikopter. Det er ikkje gjort noko overslag over kor mange turar eller hiv som er naudsynt i samband med arbeidet og forvaltar ber søkjær om å lage eit overslag over dette før arbeidet tek til.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Konklusjon: Forvaltar rår til å gi løyve til tiltaket med visse vilkår.



Arkivsaksnr: 2024/16264-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 22.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	6/25	07.01.2025

## Høyringsinnspeil - Folgefonna nasjonalparkstyre - 420 kV kraftledning - Sauda - Blåfalli - Mauranger - Samnanger - Øygarden

### Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre viser til vernereglane for Folgefonna nasjonalpark, Ænesdalen landskapsvernombordet og Hattebergsdalen landskapsvernombordet som kan verte påverka av nye traséar for høgspentlinna.

Nasjonalparkstyret ber om at påverknad på landskapet og verneområda vert belyst godt i ei konsekvensutgreiing. Folgefonna nasjonalparkstyre meiner at traséar som påverkar verneområdet vert prioritert vakk og alternativ som ikkje går tettare på vernegrensa vert prioriterte.

### Saksopplysningar

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke melding om ny 420 kV kraftline mellom Blåfalli-Mauranger og Samnanger (sjå kart). Tiltaket inneber ein ny om lag 90 km lang 420 kV kraftleidning frå Blåfalli via Mauranger til Kvamskogen sør for Samnanger og ny transformatorstasjon i Mauranger. I tillegg kan det bli behov for nye stasjonar ved Ænes eller Fureberg sørvest for Mauranger. Meldingane gjer ei overordna beskriving av Statnetts planar og forslag til kva konsekvensutgreiingar dei meiner må gjennomførast før det kan søkjast om konsesjon. På bakgrunn av meldinga, og innkomne høyringsfråsegner, vil NVE fastsetje endelige krav til kva konsekvensutgreiingar som må gjennomførast.

Gjennom høyringa av meldingane ønskjer NVE spesielt innspeil på følgjande:

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernombord	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebudaalen



- Manglar i Statnetts forslag til konsekvensutgreiingar (utgreiingsprogram), eksempelvis tema eller spesielle lokale forhold som ikkje er vareteke og metodar som bør nyttast til særskilde tema i utgreiingane.
- Innspel til Statnetts melde leidningstrasear
- Om det er nye trasear som bør greiast ut utover dei som er melde

Frist for å komme med innspel er sett til 16. januar 2025.


Skildring av verknad på verneområda frå Statnett si melding:

*Dagens ledning i Kvinnherad kommune går tett opp mot grensene til Folgefonna nasjonalpark, Bondhusdalen landskapsvernombordet og Ænesdalen landskapsvernombordet, og i nærheten av Hattebergsdalen landskapsvernombordet.*


*Meldt alternativ 1.0 går i randsonen av Folgefonna nasjonalpark i området ved Ænes. Linene vil gå gjennom hjørnet av Folgefonna nasjonalpark. Det vil ikke være mastepunkter i nasjonalparken, og foreløpige vurderinger tyder på at det ikke vil være nødvendig med skogrydding. Ledningsalternativene gjennom Rosendal ligger tettere på Hattebergsdalen landskapsvernombordet enn eksisterende ledning. Ved alternativ 1.0.1 går traseen av hensyn til bebyggelse gjennom ytterkanten av Hattebergsdalen landskapsvernombordet slik forslaget ligger nå.*

### Statnett sitt forslag til utgreiingsprogram

- Områder som er vernet eller planlagt vernet etter naturmangfoldloven, kulturminneloven og/eller plan- og bygningsloven, og vassdrag vernet etter Verneplan for vassdrag som blir berørt av anleggene, skal beskrives og vises på kart. Det skal vurderes hvordan tiltaket eventuelt vil kunne påvirke verneverdiene og verneformålet, i anleggs- og driftsfasen.
- Konsekvensutredningen skal beskrive landskapet som tiltaket berøres.
- Det skal beskrives hvordan tiltaket vil påvirke landskapsbildet visuelt. Vurderingene skal ta hensyn til eksisterende inngrep i landskapet og til andre planlagte tiltak i landskapet (for eksempel veiprosjekter, ny bebyggelse, omsøkte kraftledninger, mm.)



Figur 8: Kartet viser meldte alternativer gjennom Rosendal



Figur 14: Kartet viser en oversikt over naturvernområder langs traseene

## Vurdering

Folgefonna nasjonalparkstyre er forvaltningsmynde for verneområda Folgefonna nasjonalpark, Bondhusdalen landskapsvernområde, Ænesdalen landskapsvernområde og Hattebergsdalen landskapsvernområde.

Nasjonalparkstyret skal drive heilskapleg og kunnskapsbasert forvalting av verneområda dei forvaltar i samsvar med verneføremålet og i tråd med nasjonale mål og internasjonale forpliktelsar.

Statnett har meldt forslag til trasé som berører verneområda på fleire plassar og forvaltar vurderer dei ulike berøringspunktta mellom kraftline og verneområde under.

Alternativ 1.0 går inn i Hattebergsdalen landskapsvernområde som er verna mot tekniske inngrep. Inngrep i verneområdet går direkte i mot nasjonale mål og verdiar for verna natur og alternativet bør ikkje vurderast vidare i prosessen.



Alternativ 1.3 legg opp til å strekke ei ny høgspentline i fjellområdet frå Rosendal til Årsnes som gjer linja mykje meir synleg frå nasjonalparken. Alternativet vil truleg ha negativ effekt på verneverdiane i Folgefonna nasjonalpark og bør ikkje vurderast nærare. Alternativ 1.2 der ein legg kraftlinja opp på Kvitegga vil også føre til visuell påverknad i verneområda der det er lite slike inngrep i dag. Forvaltar viser også til at § 49 i naturmangfaldlova pålegg myndigheita eit ansvar for å vurdere negative effektar av tiltak utanfor verneområda som kan påverke verneverdiane negativt i konsesjonshandsaminga.

Det er planlagt to moglege transjmisjonsnettstasjonar på Fureberg og AEnes. Desse bør utgreiast nærare for effektane inngrepa kan ha på innfallsportar til Folgefonna nasjonalpark.

Forvaltar viser til dei nasjonale måla og internasjonale forpliktelsane Noreg har om å hindre ytterlegare tap av natur. I all vurdering av tiltak må Statnett også vurdere effekten av dagens tiltak samla. Det er ikkje tilrådd å velge trasear som påverkar verneområda.





Arkivsaksnr: 2024/16502-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 26.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	7/25	07.01.2025

## Søknad om midlar til tiltak - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret vedtek tiltaksplan for 2025.

### Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret kan søkje om midlar til naudsynte tiltak i verneområda, og ressursar frå Statens naturoppsyn (SNO). Styret kan også søkje om ekstra ressursar til utarbeiding av planar og kartlegging.

Miljødirektoratet nyttar eit elektronisk søknadssenter til innmelding av behov. Fristen for å melde inn er 10. januar 2025 og forvaltar melder inn på bakgrunn av budsjett og planar vedteke av nasjonalparkstyret.

### Dokument i saka

- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2020-2025, Miljødirektoratet
- Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder – 2025, Miljødirektoratet

### Tiltaksmidlar for 2025

Det overordna målet for tiltaksmidlane er at dei skal nyttast slik at naturtilstanden i verneområda vert halde i hevd eller betra slik det er skildra i retningsliner frå Miljødirektoratet «*Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder 2020-2025*».

Ved fordeling av midlar til skjøtsel og besøksforvaltning skal tiltaka som gir størst positiv effekt på tilstanden og som direkte bidreg til å motverke negativ påverknad bli prioritert. Miljødirektoratet har sett opp denne lista for prioritering av tiltaksmidlar (sjå vedlegg):

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebudaalen



**«Prioriteringer ved bruk av tiltaksmidler:**

1. *Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet*
2. *Løpende skjøtselstiltak*
3. *Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging*
4. *Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk*
5. *Bruk av merkevaren i øvrige verneområder*
6. *Besøksforvaltning som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)».*

**Rammer i planar**

Tiltaka bør bygge på forvaltningsplan eller besøksstrategi. Forvaltningsplanen fra 2011 viser til oppfølgjande tiltak som forvaltningsstyresmakta skal følge opp i planperioden. Revidering av forvaltningsplanen er i oppstart, men det er ein del kartleggingstiltak og skjøtselstiltak som ikkje er gjennomførte enno.

**Prioritering av tiltak**

Styret må vurdere kva tiltak som skal prioriterast. Det er avgrensa kva tiltak som kan gjennomførast på grunn av kapasitet hjå forvaltar.

Forvaltar har sett opp ei liste over aktuelle tiltak basert på dagens behov for tiltak, tiltak som har vore på tiltaksplan men ikkje blitt gjennomført enno, og nye tiltak som er spelt inn siste året.

I tillegg til å søke om tiltaksmidlar til tiltak so kan verneområdestyret og bestille tenester frå Statens naturoppsyn, dette gjerast via nettløysinga Natuoppdrag.

Pri.	Tiltak	Skildring	Midlar
	<b>Opprusting av sti frå Pyttelva til Nedstasetret i Bondhusdalen</b>	Etter arbeidet sesongen 2024 står det att nokre tiltak. Usikker på om det bør prioriterast å gjere i 2025.	?
	<b>Reparere buførevegen i Sandvikedalen etter flaum</b>	Vegen til Lundal og Hjortedalen er øydelagt av flaum. Naudsynt å reparere for å få 400 sau på sommarbeite i Hjortedalen. Arbeidet må gjerast i samråd med grunneigarar og rettshavarar. Ventar på tilbod frå Stibygjaren. Må på anbod. Avventer rettleiing frå NVE når det gjeld tiltak i verna vassdrag.	?
	<b>Uttak av granfelt ved Myrdalsvatnet</b>	Kom eit tilbod på 2 millionar (men for seint) i 2023. Kan sende på anbod igjen for 2024 om ønskjeleg.	2 500 000
	<b>Fjerne frøspreidd gran ved Myrdalsvatnet</b>	Vil gjere avtale med lokal entreprenør som ønskjer oppdraget.	50 000
	<b>Prosjektere innfallsport Bondhus</b>	Innfallsport med høgt ferdselstrykk. Kommunen arbeider med plan som vil gi føringar for innfallsport i Bondhus. Vi ynskjer å samkøyre arbeidet/prosjekteringa med begge innfallsportane. Forvaltar jobbar med konkurransegrunnlag etter rammeavtale.	150 000



	<b>Løpande vedlikehald av stinett og innfallsportar</b>	Som etterspurt av miljødirektoratet	100 000
	<b>Kulturminnekartlegging</b>	Forankra i forvaltningsplanen. Naudsynt med tanke på revidering	50 000
	<b>Kartlegging og sårbarhetsvurdering av kvartærgjeologiske førekomstar</b>	Skal i gong med arbeid for å avgrense slitasjeskader på moreneryggar der det er mykje fersel.  Forankra i forvaltningsplanen. Naudsynt med tanke på revidering	100 000
		<b>Sum</b>	<b>2 550 000</b>

På tiltaksposten søker vi også om **ferdselsteljarar**. Det er om lag 100 teljarar som Miljødirektoratet har til disposisjon på landsbasis og vi søker om teljarar og SNO-kapasitet til å setje opp og drifta teljarar.

<b>Ferdselsteljarar</b>		
<b>Myrdalsvatnet</b>	Her har det aldri vært teljarar tidlegare, men vegen inn til Myrdalsvatnet har høgt trykk med gåande og syklande. Det er òg bilar og bubilar som slepp inn gjennom betalt bomveg (her kan ein be om oversikt over tal på bilar neste sesong).	1-2 stk
<b>Møsevatnet</b>	Stien inn til Svelgabreen er skilta og merka og mykje brukt etter kva vi kan sjå på sosiale medier og STRAVA-kart. Det er behov for ein teljar her for å sjå om besøkstala er på eit nivå som krev betre tilrettelegging og meir behov for sikringstiltak ved Svelgabreen.  Vegen opp til Møsevatnet er drifta av SKL og det er mykje besøk her i sommarhalvåret. Veldig liten P-plass og trang plass til både besøk, kommersiell aktivitet og oppsyn med kraftanlegget. Har behov for ein bilteljar her.	1 stk
<b>Buer</b>	Fem år sidan sist teljing. På tide med ein ny teljing	1
<b>Ænesdalen og Gygrastol</b>	?	
<b>Botnabreen</b>	Aldri vore teljing her. Kan vere greitt å få oversikt.	1
<b>Strond</b>	Vegen til Liasete har aldri vore undersøkt ferdselstrykk. Greit å ha ein oversikt over bruken her.	1



Arkivsaksnr: 2024/16502-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 26.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	8/25	07.01.2025

## Søknad om midlar for drift og planarbeid - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret vedtek driftsbudsjett for 2025.

### Driftsmidlar for 2025

#### Bakgrunn

Verneområdestyret må sende inn melding om behov om midlar til drift av styret til Miljødirektoratet. Styret bør difor sette opp eit budsjett over forventa kostnadars som kan vere grunnlag for søknaden. For å få eit realistisk budsjett bør styret tenke over kor stor aktivitet man ser for seg i det komande året. Då er det fleire moment nedanfor som styre bør ta stilling til.

I vegleiar for innmelding av behov for midlar skriv direktoratet vidare:

*«Oppdatering av nettsider bør tas med i vurderingen av behov for midler. Dersom rammene tillater det vil det også kunne gis midler til nødvendige kartlegginger som grunnlag for forvaltningsplaner og besøksstrategier samt utarbeidelse av skjøtselsplaner.»*

#### Styremøte

Ifølge vedtekten bør styret tre saman minst fire gonger i året. Difor legg vi fire styremøte til grunn for budsjettet, men dette kan variere avhengig av saksmengd og anna arbeid i styret. Knytt til styremøta må vi ta høgde for møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste, reisekostnadars og kostnadars til lokale og servering på møta. Budsjettet er vist i tabell under.

### Rådgjevande utval

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernombord	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebudaalen



Kostnadane med Rådgjevande utval skal dekkast over driftsbudsjettet til styret. Representantane her har krav på å få dekka reisekostnad. I tillegg har vi kostnadar med møterom og enkel servering som vi brukar å ha på møta. Rådgjevande utval får ikkje møtegodtgjersle.

Normalt sett har vi eitt møte i utvalet kvart år. I samband med revidering av forvaltningsplan eller anna planarbeid kan det vere aktuelt med fleire møte i utvalet. Budsjettet er vist i tabell under.

### Oppdatering av nettside

Det er besøkssenteret som driftar den besøksretta nettsida for verneområda våre, [www.folgefonna.info](http://www.folgefonna.info), medan forvaltar driftar sida for styret, [www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna](http://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna). Det er særleg behov for å oppdatere den besøksretta sida og forvaltar føreslår å søkje om 100 000,- til dette arbeidet for 2025.

### Grunnstøtte

I tildelingsbrevet for 2023 fekk Miljødirektoratet i oppdrag å lage eit forslag til fordeling av grunnstøtte til nasjonalpark- og verneområdestyrer for vedlikehald, fornying av infrastrukturtiltak, informasjonsarbeid mv, inkludert forslag til fordelingsnøkkelen innanfor ei ramme av 4 mill. kr over post 1420.21. Frå denne ramma fekk Folgefonna nasjonalparkstyre i 2024 100 000 kroner, noko som er 2,5 % av den totale støtta. Fordelingsnøkkelen er basert på verneområda sitt areal, tal innfallssportar og besøkstrykk. Forvaltar trur tildelinga vil bli som i 2024, men det er ikkje nemnt i brev om rammer og opplegg frå Miljødirektoratet og eg avventer endeleg svar frå Miljødirektoratet.

### Personalressurs knytt til planarbeid

Det vart dette året oppretta ein ekstra personalressurs knytt til arbeidet med revidering av Forvaltningsplanen. Vi ønskjer å søkje om midlar til denne prosjektstillinga med full årsverknad for 2025. Vi reknar **1 000 000,-** (inkl. løn, pensjon, reise, administrative kostnadar) til stillinga.

### Framlegg til budsjett 2025:

Driftsutgifter for utvala	
Møtegodtgjersle for Folgefonna nasjonalparkstyre	70 200
Reiseutgift Folgefonna nasjonalparkstyre	28 240
Møteutgift Folgefonna nasjonalparkstyre	40 000
<b>Sum Folgefonna nasjonalparkstyre</b>	<b>138 440</b>
Reiseutgifter for rådgivende utval	6 000
Møtekostnader rådgjevande utval	



	5 000
<b>Sum Rådgjevande utval</b>	<b>11 000</b>
Møtekostnader revidering av forvaltningsplan	30 000
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>179 440</b>
<b>Andre utgifter</b>	
Grunnstøtte til infrastrukturtiltak*	100 000
Oppdatering av nettstaden <a href="http://www.folgefonna.info">www.folgefonna.info</a>	100 000
Revidering av forvaltningsplan – lønsmidlar m.m.	1 000 000
<b>SUM behovsinnmelding</b>	<b>1 379 440</b>

\*om det er aktuelt for 2025. Avventar avklaring frå direktoratet.



Arkivsaksnr: 2024/16502-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 28.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	9/25	07.01.2025

## Møteplan - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025

### Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek ein møteplan med synfaringar for 2025.

### Forslag til møteplan

Dato 10. mars	Tema Prioritering av tiltaksmidlar og årsplan	Synfaring	Andre inviterte SNO
29. april	Folgefonna nasjonalpark 20 år	?	?
10. juni	Styremøte	Relevant lokalitet for å diskutere tema i forvaltningsplan	Rådgjevande utval
1. september 24. november	Styremøte Styremøte og bestillingsmøte		SNO

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen

**ST 10/25 Referatsaker**

Folgefonna nasjonalparkstyre

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

## Meir informasjon angåande vedbod i Hjortedalen - Valestrand Beitlag

Arkivsak: 2023/17709-0 432.3

### Litt om tomt og ny plassering.

Den første boda blei plassert på eit skrånande berg. Berget skrånar meir og meir ut imot ein bekk som blir svært høg under flaum.

Med den store snømengda som er i Hjortedalen vil ei bod her enda opp i elva. Skråninga vises på biletet av den påbegynte boda.

Eit grindverk er ikkje festa i grunnen, og må difor stå på eit flatt underlag.

Når det gjeld inngrep i vegetasjonen på berget, vil dette bli tilbakeført. Berget vil bli dekka og boltar vil bli fjerna. Torva vil bli lagt tilbake.

Grindverket skal stå på det høgste punktet på ein morene / grushaug. Dermed blir det tørt innvendig.

Det fine med eit grindverk er at det ikkje treng nokon grunnmur. Ein får berre punktbelastning under staven i grinda. Dette bygget har tre grindar, altså seks punkt som ber heile bygget.

Vi legg ned seks høvelige steinar med litt bæreflate, ca 50 x 50 cm i ca same høgd. Me kan også justere lengda på staven. Mellom den store steinen og staven legg vi ein liten stein. Dette for at staven skal stå tørt. Den første steinen blir spadd litt ned for stabilisering og justering. Det blir sjølv sagt ikkje brukt betong.

Inngrep i vegetasjon og grunn er svært liten ved oppføring av eit grindbygg. Konstruksjonen er så stiv og stabil at ein ikkje treng nokon fester ned i grunnen.

Sjå teikning og forklaring. Håpar dette forklarar saka betre.


Straumøy, 1.november 2024

Vennleg helsing

Kåre Høyland

Kåre Høyland

Vedlegg



**Fra:** Haavik, Astrid Bakke  
**Sendt:** 14.11.2024 10:11  
**Til:** Magne Langåker  
**Emne:** Synfaring flaum i Mosneselva

Takk!

Oppsummering frå synfaringa.

Flaumen har vaska vekk elvakanten og vegen til Mosnes er øydelagt på eit strekk på om lag 50 meter. Eg er usikker på kva regelverket for verna vassdrag og plan- og bygningslova tillet av tiltak i elva og kva kostadene vil vere og kva de vil få i erstatning.

Oppgåver:

Grunneigarar og bruksrettshavarar:

- Melder inn flaumskader til kommunen og ber om rettleiing vidare i prosessen.
- Kontakt med kommune/NVE om kva tiltak som er mogleg å gjere i elva (verna vassdrag)
- Søkjer om naturskadeerstatning
- Held kontakt med nasjonalparkstyret om kva tiltak som er tilrådd og søker til oss når det er komme føringar på dette frå kommune/NVE

Nasjonalparkstyret

- Finn ut om det er mogleg å byggje ein mellombels buføreveg forbi flaumstaden.
  - Kontakt med Geirr Vetti
- Søkjer om midlar til å byggje ny veg/støtte oppattbygging av eksisterande veg (etter kva som er mogleg å gjere av tiltak på flaumstaden).
  - Vi søker Miljødirektoratet om pengar, så får vi svar i byrjinga av mars. Vi søker slik at pengane kan gå til begge tiltaka. Vi håpar at det finst ei løysing der elvekanten kan byggjast opp att og eksisterande vegtrasé vert restaurert.
- Når det er avklart kva som er mogleg å gjere i elva, handsamar vi søknad om tiltaket etter verneforskrifta.

Så held vi kontakten om å prøve å få NVE på synfaring og sei kva som er mogleg å gjere med å bygge opp att vegen og elvebreidda slik han gjekk før. Om det er vanskeleg å få dei i tale eller finne rett kontaktperson kan eg prøve å hjelpe til.

Helsing Astrid

---

**Fra:** Magne Langåker <magne@fotoml.no>  
**Sendt:** tirsdag 12. november 2024 11:32  
**Til:** Haavik, Astrid Bakke <astrid.haavik@statsforvalteren.no>  
**Emne:** Bilde, film frå synfaringa

Hei, og takk for i går! Her er nokre bilde og litt video frå synfaringa i går.  
Video kan du laste ned her. Husk å legge fila over på egen maskin:

<https://we.tl/t-BCqmgqbtHH>

--

Med vennleg helsing / Best regards,

**Magne Langåker**

Epost: [magne@fotoml.no](mailto:magne@fotoml.no)

Tel: +47 907 94 288



Lyhaugen 11, 5417 Stord, Norway

[www.fotoml.no](http://www.fotoml.no)



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Folgefonna nasjonalparkstyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Folgefonna senteret  
Skålafjæro 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5557 2135  
fmvlpost@fylkesmannen.no  
[www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/](http://www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/)

Miljødirektoratet  
Postboks 5672 Torgarden  
7485 TRONDHEIM

Sakshandsamar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2024/789-0 432.3

Dykker ref.

Dato 28.11.2024

## Uttale til varsel fra Miljødirektoratet

### Vurdering av omgjering av vedtak der Folgefonna nasjonalparkstyre har gitt løyve til sikringshytte på Holmaskjer i Folgefonna nasjonalpark.

Miljødirektoratet ber om uttale fra nasjonalparkstyret og Odda/Ullensvang turlag innan 2. desember 2024.

#### Saksgong

- 06.12.2023 Søknad om å byggja sikringsbu blei sendt til nasjonalparkstyret.
- 14.03.2024 Vedtak fra Folgefonna nasjonalparkstyre
- 03.04.2024 Miljødirektoratet varsla mogleg omgjering av vedtaket til nasjonalparkstyret.
- 08.04.2024 OUT svarte på varselet,
- 19.04.2024 uttalte nasjonalparkstyret seg.
- 15.05.2024 Vedtak omgjort av Miljødirektoratet.
- 19.08.2024 Ny søknad om sikringsbu fra OUT
- 24.10.2024 Løyve gitt av Folgefonna nasjonalparkstyre sak ST 23/24
- 14.11.2024 Varsel om vurdering av omgjering av vedtak frå Miljødirektoratet

## Vurdering

### Rettsleg grunnlag

Miljødirektoratet skriv:

*«Etter forvaltningsloven § 35 andre ledd jf. første ledd bokstav c) kan klageinstansen omgjøre ugyldige vedtak selv om vedtaket ikke er pålagt.*

*Etter forvaltningsloven § 35 tredje ledd kan klageinstansen omgjøre vedtak når hensynet til offentlige interesser tilsier det innenfor nærmere tidsfrister. Denne lyder: «Dersom hensynet til andre privatpersoner eller offentlige interesser tilsier det, kan klageinstans eller overordnet myndighet omgjøre underordnet organs vedtak til skade*

**Nasjonalpark** Folgefonna Nasjonalpark

**Landskapsvernområde** Hattebergsdalen

Ænesdalen

Bondhusdalen

Buer

**Naturreservat** Langebudalen



---

*for den som vedtaket retter seg mot eller direkte tilgodeser, selv om vilkårene etter første ledd bokstav b eller c ikke foreligger.»*

Miljødirektoratet stiller spørsmål ved om det er opning for å kunne gi løyve til sikringshytter gjennom § 48.

*«Verneforskriften skal sikre området mot utbygging og nye inngrep, og åpner ikke for at forvaltningsmyndigheten kan gi tillatelse til nye sikringshytter.»*

Kommentar frå nasjonalparkstyret:

Det er ikkje opna for å gi løyve til sikringshytter til turisthyttene i dei spesifiserte dispensasjonsheimlane i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark. Då dette vart påpeikt under verneprosessen har Fylkesmannen vurdert at dei ikkje ønskjer å spesifisere dette i vernereglane, men dei opnar for at søknader om sikringshytter skal kunne vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen. Då naturmangfaldova vart vedteken vart den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta tilslidesett av § 48. Nasjonalparkstyret meiner difor at det må vere ei opning for å vurdere løyve til ei sikringshytte etter § 48. Det er då viktig at ei sikringshytte ikkje påverker verneføremålet nemneverdig eller forringar verneverdiane.

### **Andre kommentarar frå Miljødirektoratet:**

*«I saksfremstillingen til vedtaket 24.10.2024 fremgår at turlaget har flere hovedgrunner for sikringshytta, både sanitæranlegg og å legge til rette for hunder og hundeeiere og å øke fellesarealene ved Holmaskjer.»*

Dette er ein feil frå forvaltar: Ordlyden med fleire grunnar heng igjen frå tidlegare søknadsrunde, og er ikkje nemnt i søknaden datert 19.08.2024. Det er også grunnen til at dette ikkje er diskutert vidare i vurderingane frå forvaltar. Lengre opp i søknaden skildrar OUT det slik: *«Det er ikkje tilrettelagt for overnatting med hund eller bruk av sikringsbua utanom i naudsjua.»*

Nasjonalparkstyret har ikkje vurdert desse andre grunnane i denne søknadsrunden og vi har berre sett på hytta som ei sikringshytte. Sikringshytta er samanlikna med andre sikringshytter som DNT har på andre sjølvbetente hytter i verneområde (nettsøk gjort via ut.no i september 2024). Desse varierer i areal frå 10-30 kvm. Fleire ivaretak fleire funksjonar på same tid; toalett, hunderom, avfallsrom, osv. I vilkår og løyve har vi føresett at sikringshytta IKKJE skal ha andre funksjonar enn ei naudhytte. DNT har som vanleg praksis at sengeplassar i sikringshytter også tel med i totalt tal senger, medan vi har sett vilkår om at tal sengeplassar skal vere det same i vedtaket. Slik sett har nasjonalparkstyret lagt seg på ein strengare linje enn det som er vanleg praksis for sikringshytter i andre tilsvarende verneområde (utan at forvaltar kjenner til regelverket for kvart enkelt verneområde eller historikken for når desse sikringshyttene er bygde, t.d. om dei er bygde før vernet var trådt i kraft).

*«Vi viser til det som er lagt til grunn mht. overnatningskapasitet og årlig bruk. Vi oppfatter videre at ny sanitærløsning skal komme i tillegg til ei sikringsbu på 32,7 m<sup>2</sup> og således vil gi økt utbygging på Holmaskjer»*



---

Det er ikkje lagt opp til auka overnattingskapasitet, det er ikkje søkt om det i denne runden og at det er med i søknaden skuldast ein feil frå forvaltar. Vi legg ved søknaden i uttalen vår. Det har gjennom heile søknadsprosessen vore meiningsa at ny toalettløysing skal realiseraast innanfor eksisterande utbygd areal, altså at ny toalettløysing skal byggjast inn i hovudhytta eller sikringshytta. Dette skulle vore ytterlegare presisert i forvaltar sitt framlegg, og har heile tida vore med i dialogen mellom OUT og nasjonalparkstyret.

I vilkåra i vedtaket frå nasjonalparkstyret har vi skrive: «*Eksisterande bygg for toalett og vedskjul skal fjernast innan 5 år og plan for ny sanitærløysing vert utarbeidd saman med nasjonalparkstyret*». I telefondialog med søker ved Håvard Apold har turlaget uttrykt ønske om å flytte toalettløysinga inn i hovudhytta, sidan dei ikkje fekk løyve til forslaget sitt for toalettløysing i sikringshytta. Arbeidet med å planleggje dette er ikkje starta enno og planen er å starte dette når sikringshytta er sett opp, då det er krevjande for ein frivillig organisasjon med to prosjekt til same tid og at arbeidet vil krevje ombygging inne i hovudhytta, som då vert indisponibel. Nasjonalparkstyret ville ikkje låse turlaget til ei løysing som ikkje er prosjektert enno og ville opne for at det var mogleg å finne fleire løysingar for toalett innanfor det samla arealet av hovudhytta og sikringshytta. Det viktigaste poenget var å få vekk dagens toalettløysing. Det er beklageleg at det ikkje kjem tydlegare fram i vedtaket kva som har vore intensjonen til turlag og nasjonalparkstyre.

Miljødirektoratet har i sitt endringsvedtak frå 15.05.2024 skrive følgjande:


*«Dersom det er ynskje om betre toaletthøve meiner vi dette kan løysast innanfor eksisterande bygningsmasse, eventuelt med ei utviding eller ombygging jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 a) som opnar for at forvalningsstyresmakta kan gi løyve til ombygging og utviding av bygningar. I den samanheng visar vi til at det er eit uthus på staden som eventuelt kan nyttast for formålet, eventuelt ombygd til eit kombinert uthus og nødbu. Ei ombygging til nødbu kan eventuelt ivareta ei minimumsløysing for evakuering i tilfellet brann på hytta.»*

Det eksisterande uthuset på staden ligg 6 meter frå hovudhytta og er difor svært utsett for brannsmitte og difor lite eigna som sikringshytte (byggteknisk forskrift krev minimum 8 meters avstand mellom bygg i denne risikoklassen:

<<https://www.dibk.no/regelverk/byggteknisk-forskrift-tek17/11/iii/11-6>>. Topografien rundt bua gjer også svært krevjande å utvide på denne tomta og svært krevjande å få til ei varig toalettløysing som sikrar omgjevnadene mot ureining. Nasjonalparkstyret har difor i arbeid med søknaden vurdert at det er ei betre løysing for verneverdiene å rive dette bygget og tillate ei sikringshytte som kan ivareta funksjonen som rømningshytte og ev toalett på eit betre eigna areal.



## Folgefonna nasjonalparkstyre



Figur 1: Viser avstanden mellom hovedhytta og eksisterende toalettbygg. Både avstanden og topografien gjør det vanskeleg å utvide dette bygget til ei naudbu.

Med helsing

Sigrid Brattabø Handegard

Leiar for Folgefonna nasjonalparkstyre

Astrid Bakke Haavik

nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Odda/Ullensvang Turlag



---

## Utfyllande kommentarar til løyve til nybygg etter nml § 48:

Frå Kgl res for Folgefonna nasjonalpark, 29. april 2005, s. 28

«*Haugesund Turistforening, Bergen Turlag og Etne kommune ønskjer opning for å bygge sikringshytte for turlagshyttene.»*

*MD viser til at fylkesmannen og DN sine vurderingar omkring bygningar er grundig omtala i DN si tilråding 17.12.04 til MD og at konklusjonane på desse vurderingane er omtala under pkt. 2.3 om viktige endringar under behandlinga av verneplanen. MD viser til dette og støtter DN si vurdering omkring bygningar.*

Fylkesmannen tilrådde dette i sitt framlegg til vern frå februar 2004:

«*Når det gjeld sikringsbu ved turlaghytter ønskjer ikkje fylkesmannen å spesifisere dette i dispensasjonsreglane, men viser til at slike søknader kan vurderast etter den generelle dispensasjonsregelen i § 4.» (kap 4.5, s. 15)*

I DN si tilråding står det ingenting spesielt om sikringsbu til turlagshytter.

«DN påpeiker at i NP er verneføremålet å ta vare på urørte og tilnærma urørte naturområde og at det må vere eit mål å avgrense nye inngrep, særleg nybygg, til det som er naudsynt. Det er ikkje i samsvar med verneføremålet å opne for bygging av nye hytter og det vil såleis vere forbode. Det er bare naudsynte bygningar forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til.» (s. 29)

Jaktkoier, stølshus, gjeterbu og bygningar i samband med oppsyn er nemnde i DN si tilråding, men sikringbuer er ikkje nemd spesielt.

Nasjonalparkstyret oppfattar verneprosessen slik at det er lagt opp til at det skal vere høve til å vurdere bygging av sikringshytter etter den generelle heimelen i verneforskrifta, som har blitt erstatta av § 48 i naturmangfaldlova. Av forarbeida til naturmangfaldlova følgjer det at § 48 ikkje kan nyttast til å utvide vernereglane. Dispensasjon etter § 48 skal vere ein sikringsventil for tiltak som ikkje kunne føresjåast eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurderte på vernetidpunktet. I dette tilfellet vart sikringsbuer diskuterte, men ikkje avfeid i verneprosessen, og det er lagt opp til at sikringshytter skal kunne søkjast om etter ein generell dispensasjonsheimel. Den opphavlege formuleringa i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark lyder slik:

«§ 4. Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unnatak frå reglane når formålet med vernet krev det, for vitskaplege granskningar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege høve når dette ikkje er i strid med verneformålet.»

Nasjonalparkstyret vurderer det slik at det er høve til å handsame ein søknad om sikringshytte etter § 48, då som ein sikkerhetsventil, slik det er lagt opp til i verneprosessen. Korleis ei slik sikringsbu skal vere utforma og kva krav den må stette eller kva vilkår som må vere oppfylte for å gje løyve er det ingen retningsliner på.



I utvalssak 38/15 frå Folgefonna nasjonalparkstyre vart det gitt løyve til bygging av ei ny hytte etter § 48 i naturmangfaldlova i Raundalen i Folgefonna nasjonalpark. Arkivnr 2015/11277. Det vart også gitt løyve til å bygge eit stølshus i Fynderdalen i Folgefonna nasjonalpark etter § 48 i ST 43/19. I begge desse høva var søkte bygningar å sjå på som nybygg.

Nasjonalparkstyret har altså tidlegare gitt løyve til to ulike nybygg etter § 48 i nasjonalparken utan at desse er påklaga eller omgjort, noko som viser at § 48 kan nyttast ved dispensasjon til nybygg i særlege tilfelle. Nasjonalparkstyret vurderer at slik forvaltningspraksis har vore i Folgefonna nasjonalparkstyre er det naturleg å kunne tenke at ein har ein opning i § 48 til å vurdere å gi løyve til ei sikringshytte, om han stettar vilkåra i dispensasjonsheimelen.

Statsforvalteren i Vestland, Statens hus,  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Deres ref	Vår ref	Dato
	23/2148-	5. desember 2024

## Utredning av organisering av verneområdeforvaltere

Det er viktig for tilstanden i verneområdene at forvaltningen av dem fungerer godt. Verneområdeforvalterne er sentrale i forvaltningen av verneområdene gjennom rollen som sekretariater for verneområdestyrene. Det er i dag 68 verneområdeforvaltere fordelt på 49 styrer. Arbeidsgiveransvaret for forvalterne ligger hos statsforvalterne, mens de er underlagt styrene i spørsmål som gjelder verneområdeforvaltningen.

Klima- og miljødepartementet mener at det er behov for å se nærmere på hvordan verneområdeforvalterne bør være organisert for å sikre best mulig forvaltning av verneområdene. Departementet tar sikte på å gi Miljødirektoratet et oppdrag om å gjennomføre en slik utredning.

Verneområdestyrene sitter på viktig og sentral kompetanse når det gjelder funksjonaliteten i dagens organisering av verneområdeforvalterne. Før departementet utformer et oppdrag til direktoratet, ønsker vi styrenes synspunkt på vurderingene av behovet for å gjennomgå organiseringen av verneområdeforvalterne og målene for en eventuell endret organisering (se nærmere redegjørelse nedenfor).

Vi inviterer derfor til teams-møte **21. januar 2025 kl. 12-14**, der styrene er velkomne til å uttrykke sine syn, inkludert hva et oppdrag om en slik utredning bør inneholde. Møtet vil bli ledet av statssekretær Kjersti Bjørnstad. Av tidsmessige hensyn blir taletid i utgangspunktet satt til 2 minutter per styre. Eventuelle utdypende synspunkt kan ettersendes.

Vi ber om **påmelding innen 15. januar** i [dette påmeldingsskjemaet](#) slik at vi kan sende teams-lenke til de som ønsker å delta.

Postadresse Postboks 8013 Dep 0030 Oslo <a href="mailto:postmottak@kld.dep.no">postmottak@kld.dep.no</a>	Kontoradresse Kongens gate 20	Telefon* 22 24 90 90 Org.nr. 972 417 882	Avdeling Naturforvaltningsavdelingen	Saksbehandler Hege Feiring 22 24 58 91
-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	----------------------------------	---------------------------------------------------	-----------------------------------------	----------------------------------------------

## **Bakgrunn for oppdrag om gjennomgang av organisasjonsmessig tilknytning og øvrig organisering av verneområdeforvalterne**

Da ordningen med lokalpolitisk sammensatte verneområdestyrer ble opprettet i 2010, ble det valgt en løsning der forvalterne ble ansatt hos den respektive statsforvalter for at forvalterne skulle ha tilknytning til et fagmiljø knyttet til naturforvaltning og verneområdeforvaltning. Løsningen gir også tilgang til arkiv- og IKT-tjenester, og løser ulike personalforvaltningsoppgaver som lønn mv og håndtering av forvalters oppgaver ifbm. ulike typer fravær eller ved vakanser.

Riksrevisjonen gjorde i 2014 en undersøkelse av forvaltningen av nasjonalparker (Riksrevisjonens administrative rapport nr. 1 2014). Riksrevisjonen pekte der på enkelte svakheter ved modellen, bl.a. uklarheter knyttet til forvalternes rolle og statsforvalterens rolle. Rapporten ble fulgt opp av KLD og Miljødirektoratet med bl.a. tydeliggjøring av vedtekter for verneområdestyrene og reviderte stillingsinstrukser for forvalterne. Oppfølgingen er bl.a. omtalt i Prop. 1 S (2014-2015) s. 190, og i brev 8. september 2014 fra Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet. Departementet oppfatter likevel at rollefordelingen mellom statsforvalter og styre/styreleder når det gjelder personalforvaltning/daglig ledelse/styring fortsatt kan være krevende.

Forvaltningsmodellen med styrer ble evaluert i 2021. Evalueringen konkluderte med at forvaltningsmodellen – totalt sett – ikke ser ut til å ha styrket ivaretagelsen av verneverdiene, men trolig heller ikke svekket dem. Evalueringen viser at ordningen med lokalpolitisk sammensatte verneområdestyrer i all hovedsak fungerer godt. Klima- og miljødepartementet har i Prop. 1 S (2023-2024) uttalt at modellen skal videreføres, men at det er aktuelt å se på visse tiltak for å forbedre forvaltningen.

Statsforvalterne oppgir at de bruker mye tid på personalmessig og administrativ oppfølging av forvalterne. Det er stor variasjon i arbeidsmengde knyttet til det enkelte verneområde og verneområdestyre. Antall forvaltere pr. styre er differensiert, men det er likevel ujevn belastning mellom de enkelte forvalterstillingene. Statsforvalters begrensede styringsmuligheter gir liten fleksibilitet mellom forvalterne og få muligheter til å utjevne arbeidsbelastningen. Ved sykefravær, permisjoner og vakanser øker skjevfordelingen.

Det er i dag, etter det departementet er kjent med, ulik grad av samhandling på tvers mellom forvalterne for de ulike verneområdene. Slik samhandling vil bidra til kunnskapsdeling og mer enhetlig forvaltningspraksis.

Departementet ønsker derfor, gjennom et oppdrag til Miljødirektoratet, å gjennomgå den organisasjonsmessig tilknytningen og øvrig organiseringen verneområdeforvalterne, og utrede ev. endret organisering, med mål om å styrke forvaltningen av verneområdene. Blant annet er det ønskelig å oppnå følgende:

- styrke samlingen av fagmiljøet som verneområdeforvaltere utgjør
- bedre forhold for veiledning av og dermed styrket kompetanse hos forvalterne

- øke erfaringsdelingen mellom forvalterne
- mer fleksibilitet i fordeling av oppgaver ifm. sykdom, vakanser mv. eller pga ulike ressursbehov mellom områder
- lik organisering av forvalterne og styrket daglig ledelse mtp. organisering av arbeid, fordeling av oppgaver mv.
- bedre håndtering av rollefordeling
- mer helhetlig forvaltning mellom verneområder
- tettere samarbeid med Statens naturopsyn
- tettere samarbeid med besøkssentrene
- bedre fungerende knutepunkter

Departementet mener at en utredning av endret organisering må omfatte flere alternativer i tillegg til dagens ordning, blant annet:

- samle arbeidsgiveransvar hos kun et fåtall statsforvaltere
- samle arbeidsgiveransvar hos Miljødirektoratet, f.eks. som en underavdeling i Statens naturopsyn,
- opprette en egen organisasjon med egen ledelse, men der fellestjenester (arkiv, lønn osv) håndteres av direktoratet
- overføre arbeidsgiveransvar til hvert enkelt av de 44 styrene.

Det skal være en forutsetning for utredningen at nasjonalpark- og verneområdeforvalterne fortsatt skal sitte desentralisert nær verneområder. Det er et mål å ha sterke lokale knutepunkter med solide fagmiljøer, og departementet ønsker å presisere i oppdraget at direktoratet også kan foreslå relokalisering av forvalterstillingen for å bygge opp under dette, jf. Meld. St. 35 (2023-2024) kapittel 6.3.3.

Det er også en forutsetning at utredningen ivaretar verneområdestyrets faglige instruksjonsmyndighet overfor forvalterne, slik at det er vernestyret som avgjør overordnede spørsmål knyttet til forvaltning av det enkelte område, eksempelvis prioritering mellom større overordnede oppgaver m.v.

Departementet mener at det er sentralt at verneområdestyrene involveres tett gjennom hele prosessen. Departementet tar derfor sikte på å presisere i oppdragsbrevet at styrene skal inviteres til et oppstartsmøte, at det bør etableres en referansegruppe med representanter fra noen utvalgte styrer som involveres i det forløpende arbeidet, og at styrene skal få anledning til å avgi sine synspunkt på et eventuelt forslag til ny organisering før direktoratet sender sin tilråding til departementet.

Med hilsen

Øivind Dannevig (e.f.)  
avdelingsdirektør

Hege Feiring  
utredningsleder

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

## Disponering av midler knyttet til verneområdeforvaltere og statsforvalterembetene

Vi har fått henvendelser fra flere forvaltere og statsforvalterembeter knyttet til økonomi og disponering av midler og vil med dette forsøke å svare på noen av spørsmålene som har kommet til oss og Klima- og miljødepartementet.

Midler til forvalterstillinger tildeles årlig fra Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) som en del av driftsbudsjettet til embetene. Det synligjøres ikke i Prop1 hvor mye av driftsbudsjettet midlene til forvalterne utgjør, men embetene får en oversikt fra DFD som skal vise dette.

Fra og med 2024 er det tildelt 1,3 millioner kroner per forvalter for nye stillinger. Frem til dette ble det tildelt 1,0 millioner kroner per forvalterstilling som så er blitt årlig prisjustert og utsatt for ABE-kutt sammen med resten av driftsbudsjettet til embetene. Det vil bety at statsforvalterne kan ha noe ulike budsjetter for å drifte sine forvalterstillinger.

Ved etableringen av ny modell for forvaltning av verneområder i 2010 sendte daværende miljøvernminister Erik Solheim en invitasjon til aktuelle kommuner til å delta i nasjonalpark-/verneområdestyrer. I brevet av desember 2009 sto det "Når ordningen er etablert, vil bevilgningene til verneområdeforvaltere bli overført til kap. 1510 Fylkesmennene som øremerkede midler...». Disse midlene har vært tenkt å dekke kostnader knyttet til å ha verneområdeforvaltere ansatt hos statsforvalterembetene, både lønnskostnader og administrative kostnader. Det innebefatter da også reisekostnader, utgifter til husleie, og tilsvarende.

Verneområdeforvalterne er betegnet som en "særskilt oppgave" i budsjettfordelingsmodellen og overføringene går til å dekke det antall verneområdeforvalter som den enkelte statsforvalter har ansvaret for.

Samtidig er det en kjent problemstilling at flere av statsforvalterne har fått budsjettmessige kutt over de siste årene og de har gitt tilbakemelding om at midlene til forvalterstillingene ikke strekker til å dekke de faktiske utgiftene.

Verneområdeforvalterne er en del av statsforvalterne innenfor økonomiforvaltningen. Statsforvalternes budsjett blir i sin helhet gitt både prisjustering og er utsatt for eventuelle kutt. Det enkelte embetet må legge sine konkrete budsjetter innenfor den rammen de har disponibel. Dette betyr at også verneområdeforvalterne må kunne regne med kutt på eksempelvis reisebudsjetter dersom det er nødvendig for å løse det totale budsjettet til miljøavdelingene.

Samtidig vil vi presisere at de øremerkede midlene skal brukes til å holde samme antallet forvalterstillinger hos de enkelte embetene og at det ikke kan reduseres i antall stillinger eller reduseres i stillingsprosenter for å bruke midlene til å dekke andre utgifter hos embetene.

Forvalternes reiseutgifter skal som hovedregel finansieres over embetenes driftsbudssett innenfor den rammen som er satt av til hver forvalter.

Likevel ser vi at det for noen av statsforvalterne ikke er tilstrekkelig budsjett til å dekke den reisevirksomheten som er nødvendig for å utføre de oppgaver forvalteren har. Dersom de øremerkede midlene til forvalterstillingene likevel ikke strekker til, er det anledning for å unntaksvis bruke midler over kap. 1420 post 21 eller 31 til å dekke noe av dette behovet.

Dersom forvalter har konkrete oppgaver i forbindelse med utføring av tiltak, for eksempel knyttet til å utføre/kontrollere/planlegge skjøtselstiltak, kan styret ved særskilte tilfeller søke om å dekke reiseutgifter i forbindelse med dette i søknad om tiltak på post 1420.31. **Vi presiserer at dette kun gjelder ved planlegging, utføring eller kontroll av konkrete, omsøkte tiltak.** Det er ikke ønskelig at dette blir en utbredt praksis, og må sees som en sikkerhetsventil for å sikre at forvalter får utført sine oppgaver for verneområdestyret.

Verneområdestyrene får tildelt midler til drift av styrene årlig over post 1420.21. Dersom styret ser at det er tilgjengelige midler innenfor den rammen de har disponibel til drift av styret, kan dette brukes til å dekke eksempelvis reiseutgifter for forvalter.

Det vil variere mellom de ulike verneområdestyrenes områder, omfang og oppgaver hvor store reiseutgifter den enkelte verneområdeforvalter vil ha og utgiftene vil derfor også variere både mellom forvaltere og mellom statsforvalterembeter.

Bruk av midler over 21.- eller 31.-posten til å dekke deler av forvalters reiseutgifter må være i samråd mellom det enkelte verneområdestyret ved styreleder og embetets miljøvern- eller områdedirektør og gjøres rede for i søknad om eller rapportering av bruk av midler.

Det er viktig å presisere at verneområdestyrene skal ha mulighet til å utføre sitt mandat innenfor vedtatt budsjett og at det ikke skal legges opp til en praksis der styrene må prioritere mellom egne oppgaver og utgifter til forvalters virksomhet.

Fra: Odda/Ullensvang Turlag[odda-ullensvang.turlag@dnt.no]  
Sendt: 28.11.2024 07:09:18  
Til: Postmottak Miljødirektoratet[post@miljodir.no]  
Kopi: Folgefonna nasjonalpark[folgefonna@statsforvalteren.no];  
Tittel: Deres ref: 2024/3592

---

Vedlagt ligg Odda/Ullensvang turlag sitt svar på varsel om omgjering av vedtak om sikringshytta datert 14.11.2024.

Venleg helsing  
Håvard R Apold  
*Styreleiar*  
*Odda/Ullensvang Turlag*

**Odda/Ullensvang Turlag**  
Bergen og Hordaland Turlag





Statsforvaltaren i Vestland



Folgefonna  
nasjonalparkstyre

## Avtale om kjøp av tenester

### Produksjon av plakatinnhold for Folgefonna nasjonalpark

Leverandør: Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark  
v/Kvinnherad kommune

Organisasjonsnummer: 964 967 636

Oppdragsgjevar: Folgefonna nasjonalparkstyre v/ Statsforvaltaren i Vestland, org.nr:  
974760665

v/kontaktperson nasjonalparkforvaltar Astrid Bakke Haavik

#### 1. Arbeidsoppdraget:

Produksjon av tekstar og biletmateriale til plakatar i Bondhusdalen landskapsvernområde med tema:

- Folgefonna nasjonalpark
- Allemannsretten og pliktar
- Bonshusbreen før og no

#### 2. Tidsrom:

Avtalen gjeld for perioden 01.12.2024 – 31.12.2024.

#### 3. Vilkår for arbeidet:

- Nytt innhald skal fagleg godkjennast av nasjonalparkforvaltar.
- Partnarskapsavtalen mellom Folgefonna nasjonalparkstyre og Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark legg føringar for oppdraget.
- Leverandør er sjølv ansvarleg for eventuell forsikring på personell og utstyr som vert nytta under arbeidet.

#### 4. Rapportering:

Faktura med detaljer over medgåtte timer sendast til Statsforvaltaren innan 13.12.2024.

#### 5. Pris – øvrige økonomiske vilkår:

Prisen for oppdraget er gitt ei ramme på 20 000,-, med ein timeløn på 1050,-/time.

Oppgjer for arbeidet skal sendast på ein spesifisert faktura, der det går tydeleg fram kva utgifter og timer som er gått med.

***Faktura til Folgefonna nasjonalparkstyre skal merkast med ID nr. 3850abh og sendast elektronisk til EHF: 974 760 665, innan 13.12.2024***

#### 6. Tvistar:



Statsforvaltaren i Vestland



Folgefonna  
nasjonalparkstyre

Eventuelle tvistar mellom avtalepartane skal løysast mellom avtalepartane.

***Avtalen er underteikna av Statsforvaltaren i Vestland på vegne av nasjonalparkstyret og midlane vert utbetalt mot faktura.***

Dato / stad

Dato/stad

---

---

Folgefonna nasjonalparkstyre  
v/Statsforvaltaren i Vestland

Leverandør

Fra: Ingrid Vaagland Stav[Ingrid.Vaagland.Stav@miljodir.no]  
Sendt: 18.12.2024 13:22:55  
Til: Postmottak SFMR;Postmottak SFTF;Postmottak SFVL;Postmottak SFAG;Postmottak SFNO;Postmottak SFTL;Postmottak SFOS;Postmottak SFIN;Postmottak SFRO;Postmottak SFVT[sfmrpost@statsforvalteren.no;sftfpost@statsforvalteren.no;sfvlpot@statsforvalteren.no;sfagpost@statsforvalteren.no;sfnopost@statsforvalteren.no;sflipost@statsforvalteren.no;sfospost@statsforvalteren.no;sfinpost@statsforvalteren.no;sfropost@statsforvalteren.no;sfvtpost@statsforvalteren.no]  
Kopi: Terje Qvam[Terje.Qvam@miljodir.no];  
Tittel: Bruken av utvalgsmodulen i Elements

---

Til alle verneområdestyrer

## Bruken av utvalgsmodulen i Elements

### Transparent offentlig forvaltning

Som utgangspunkt er det et mål for forvaltningen å sikre at alle får en trygg og grundig saksbehandling og likebehandling fra det offentliges side. Forvaltningsloven har regler som skal sikre varetaking av disse hensynene. Saker skal behandles upartisk, objektivt, nøytralt og transparent. Dette gjelder også for verneområdestyrene sine vurderinger og vedtak.

Offentlige organer plikter å holde arkiv, slik at dokumenter er sikret som informasjonskilder for samtid og ettertid, jmf. § 1 i Forskrift for offentlege arkiv. Nasjonalpark- og verneområdestyrer omfattes av dette lovverket, og er pliktig å dokumentere sin virksomhet fortløpende, blant annet av hensyn til rettssikkerheten til den eller de som berøres av styrenes arbeid, men også av hensyn til publikums rett til innsyn i offentlig virksomhet, jmf. Offentleglova § 1.

Om verneområdestyrene av ulike årsaker ser at det er vanskelig å etterkomme kravene i lovverket, bør de ta kontakt med Statsforvalterens fellestjenester for veiledning.

### Saksbehandling

For å imøtekommе alle krav som stilles til saksbehandling og gjennomføring av styremøter, er det utviklet funksjonalitet i sak- og arkivsystemet Elements, «utvalgsmodulen». Verneområdeforvalterne (sekretærerne til verneområdestyrene) skal bruke denne modulen til forberedelse og i gjennomføringen av styremøtene, som inkluderer å lage saksfremlegg, innkallinger og referat. Slik er vi sikret at alt er riktig dokumentert og arkivert. Det er ikke anledning til å ha et arkiv lokalt. All arkivverdig dokumentasjon skal lagres i Elements.

Når styret gjør et vedtak, skal dette registreres innen tre (arbeids)dager i Miljøvedtaksregisteret (miljovedtak.no), jamfør forskrift om Miljøvedtaksregisteret §3. Vedtakene skal også offentliggjøres på styret sine nettsider så snart som mulig. Ifølge

vedtekten til styret kommer reglene i kommuneloven til bruk så langt de passer. Kommuneloven § 11-4 har bestemmelser om møtebok (protokoll). Den har likevel ingen bestemmelser om når den skal legges ut, og derfor ingen tidsfrister. Protokollen blir skrevet og signert av partene før møtet er ferdig. Dette betyr at den bør være tilgjengelig for allmenheten fra dette tidspunktet via verneområdestyret sine nettsider på [Nasjonalparkstyre.no](#). Er møtet digitalt kan det derfor ta noe tid før alle møtedeltakere har skrivet under protokollen slik at den kan tilgjengeliggjøres. Det at dokumentene legges ut på styret sine nettsider (tilgjengeliggjøring) erstatter ikke at dokumentene skal arkiveres i Elements (arkivering).

### Tilgjengelig veiledning

Vi viser til [eLæring](#) om «utvalgsmodul» i Elements og vedlagt veiledning i Elements sin møtemodul fra STAF.

Har dere spørsmål om dette så ta kontakt med STAF via brukerstøtte/»hjelpeknappen».

Hilsen

**Ingrid Vaagland Stav**

seniorrådgiver, seksjon for verneområder

mobil: 98 05 29 98

[ingrid.vaagland.stav@miljodir.no](mailto:ingrid.vaagland.stav@miljodir.no)



[www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) | [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)

sentralbord: 73 58 05 00

## **ST 11/25 Delegerte saker**



Folgefonna  
nasjonalparkstyre

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonsenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2135  
[sfvpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no)  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Magne Langåker  
Lyhaugen 11  
5417 Stord

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2024/16763-0

Dykker ref.

Dato 08.11.2024

## Delegert vedtak

Delegasjonssak

10/2024

# Delegert vedtak - Løyve til dronefyking i samband med flaumskade på veg i Sandvikedalen Mosnes - Folgefonna nasjonalpark

### Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48 gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Magne Langåker løyve til bruk av drone til å filme i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld 10. – 30 november 2024.
- Løyvet gjeld for inn til ein times flytid på kvar lokalitet.
- Dronepilot må gjere seg kjent med vernereglane
- Filminga skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar.
- Ved publisering av filmmateriale må det komme klart fram at søker har fått løyve til å filme frå Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Om rovfugl eller ramn vert observert ved fyking skal ein straks avbryte filminga
- Før filming skal Statens naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på tlf: 907 73 117
- Rapport over utført fyking skal sendast til [sfvpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no) med referanse 2024/16763.

### Søknaden

Søknad om å bruke drone kom per telefon fredag 8. november 2024. Magne Langåker er styrar i grunneigarsamskipnaden for Mosnes og Lundal. Etter ein tur til Mosnes vart det oppdaga at flaum har øydelagt vegen innover dalen. Det er flaumskader etter ekstremvêret Jakob. Det er planlagt ei synfaring for å få dokumentert skadene og planlegge reparasjon. I



---

samband med det er det ønskeleg å bruke drone for å ta bilete av skadeomfanget. Det er viktig at arbeid med å vøle vegen kjem i gong raskt så vegen er klar til beiteslipp neste sesong.

## Verneforskrift og verneformål

Droneflyging er forbode i Folgefonna nasjonalpark etter § 3 punkt 7.2:  
«7.2 Støy -Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.»

Det er ingen spesifikke dispensasjonsreglar i verneforskriftene knytt til droneflyging. Ein må derfor vurdere søknader etter den generelle unntaksregelen § 4, jf. § 48 i naturmangfaldslova. Det er strenge vilkår for å bruke denne og regelen skal ikkje brukast til å uthole innhaldet i vernereglane. Utgangspunktet for all handsaming er føremålsparagrafen for verneområdet.

## Vurdering

Saka må vurderast etter § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleiksomssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt. I dette tilfellet vil ikkje dronefyking ha stor verknad på verneføremåla eller føre til ein vesentleg negativ påverknad av verneverdiane.

Forvaltar ser behovet for å få oversikt over kva skader som har skjedd. Det er vanskeleg å få gode oversiktsbilete i område utan drone. Korkje NVE eller kommune har høve til å vere med på synfaring og det gjer det ekstra viktig å få gode bilete til søknadsprosessen med å reparere vegen og elva.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av drone i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av droneflyging på denne tida av året (databasane er sist sjekka 08.11.2024). Det er kjent at rovfugl og kråkefuglar som kan finnast i området kan reagere negativt på droner, særleg når dei dannar territorier rundt hekketida. For å unngå skade på fugl og forstyrring skal drona setjast på bakken med ein gong ein ser fugl i nærleiken.

Dronar fører med seg vesentleg støy og kan difor berre tillatast til strengt naudsynte føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Både nasjonale retningslinjer og forvaltningsplanen legg vekt på at støy i urørt natur skal avgrensast i størst mogleg grad.

I dette tilfellet meiner ikkje forvaltar at bruk av drone ha stor verknad på verneføremåla eller føre til ein vesentleg negativ påverknad av verneverdiane. Det er likevel viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å kjøre på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med anna friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den førebels som avgrensa. Om mengda dronefyking aukar betrakteleg, må ein vurdere samla belasting på



nytt. Det har dei siste åra vore fleire tilfelle av ulovleg fyking i verneområdet og det viktigaste er å informere om regelverket. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurderte men ikkje funne relevante i denne saka.

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

SNO Rosendal  
Etne kommune  
Statsforvaltaren i Vestland, miljøavdelinga

Sjoarvegen 2      5590      ETNE  
Njøsavegen 2      6863      LEIKANGER



Folgefonna  
nasjonalparkstyre

Postadresse  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Besøksadresse  
Folgefonsenteret  
Skålefjæra 17  
5470 Rosendal

Kontakt  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2135  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Sauanuten beitelag

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2023/13837-0 432.3

Dykker ref.

Dato 21.10.2024

### Delegert vedtak

Delegasjonssak

9/2024

## Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel til ettersøk av sau i Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel - Helikopter - Sauanuten Beitlag

### Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 b), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Sauanuten Beitlag løyve til bruk av helikopter i samband med sau i skårfeste i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil to turar årleg i tidsrommet 01.09 - 15.11. 2024 -2027
- Løyvet gjeld berging av sau i skårfeste
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31.desember kvart år**. Merk med referanse: 2023/13837. Send gjerne på e-post til: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no).

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang og Etne kommune om dette.



## Søknaden

Sauanuten Beitelag søker med dette om helikopterløyve i samband med Sauesank og evt problemer med skorfeste om hausten. Gjeldande fra 9.sept og til ca 15.nov.  
Området er kjent som vilt og værhardt, med svært skiftande vær. Skorfeste førekjem ofte. Og nokre gonger er det heilt nødvendig med helikopter for å få oversikta og for å koma rask på plass og hente dyra ut. Vi har tidlegare hatt eit fleireårig ståande løyve til eventuelt bruk. Dette er no utgått og vi søker med dette om eit nytt.

Søker om ca 5 turar om hausten i 3 år framover.

## Verneforskrift og verneformål

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.1 står det at «Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter».

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsla etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvalningsstyresmakta kan gje løyve til:

*b) motorferdsel i samband med husdyrhald.*

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

## Vurdering

Ein kan sjå behovet for å få berga sau i skarfeste, og det er opna for å gje løyve til motorferdsel for dette føremålet i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med helikopter for å unngå slitasje på terrenget.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje



---

registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 11.09.2023).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel somer mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre i helger og på heilagdagars for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området. Søkjar fekk løyve til same føremål med inntil to turar årleg for å berge sau i skarfeste. Forvaltar vurderer at det er rom for å gi løyve til dette, men vil ikkje opne for å gi fleire enn to turar årleg. Det skal ikkje opnast for motorferdsel i samband med normal sauesank.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Nasjonalparkstyret ynskjer at fleirårige løyve skal vurderast i løpet av styreperioden (2020 - 2023). Det er difor høve til å søkje om fleirårig løyve for ein 4 års periode. Sidan eit fleirårig løyve ikkje vil følgje styreperioden har forvaltaren i denne omgang kun gitt løyve for inneverande år.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre innførte i 2012 køyrebokordning, denne skal leverast etter avslutta sesong kvart år, seinast 31. desember

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent



Folgefonna  
nasjonalparkstyre

Postadresse  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Besøksadresse  
Folgefonsenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

Kontakt  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2135  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Hilde Sandvin  
Sandvin 14  
5750 ODDA

Saksbehandler Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2024/18830-0

Dykker ref.

Dato 19.12.2024

### Delegert vedtak

Delegasjonssak

13/2024

## Løyve til motorferdsel med ATV med belter til Lauvås og Vierdal i Folgefonna nasjonalpark 2025-2028

### Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 f), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Hilde Sandvin løyve til bruk av ATV med belte i samband med transport av material til stølen i Vierdal.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.01 – 01.05 kvart år frå og med 2025 til og med 2028
- Løyvet gjeld for transport av saltstein til beiteområda og material, proviant og utstyr til stølshus
- Løyvet gjeld for inn til fire turar kvart år
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar  
Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebook årleg som viser dato, køyerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyrebooka før transporten byrjar og køyrebooka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 15.juni kvart år** Merk med referanse: 2024/18830. Send gjerne på e-post til: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.



### Dokument i saka:

- Søknad om løyve til motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark, gnr. 49, bnr. 3.
- Verneforskrift for Folgefonna nasjonalpark

### Søknaden

Hilde Sandvin søker om løyve til å køyre med ATV med belte til stølane Lauvås og Vierdal, som begge tilhører garden Sandvin. Lauvås ligg utanfor grensa til Folgefonna nasjonalpark, men om ein kører om Espeland må ein inn i nasjonalparken. Vierdal ligg derimot inne i nasjonalparken.

Sandvin søker om 5 turar kvart år. Køyringa vil skje i perioden 1.desember til 1.mai. Det er snakk om køyring på snødekt mark.

### Vurdering

#### Regelverk

Motorisert ferdsel er i utgangspunktet forbode i Folgefonna nasjonalpark, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 6.1. Det er likevel opna for at forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til visse former for motorferdsel til visse føremål. Dette står i § 3 punkt 6.3.

*Forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til:*

- f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.

Det er med andre ord heimel til å handsame saka etter verneforskrifta.

Søkjar er sjølv ansvarleg for løyve frå kommunen i dei tilfella det er naudsynt, og løyve frå eventuelle andre grunneigarar der køyringa finn stad.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

#### Vurdering

Det er fleire bygningar inne i Folgefonna nasjonalpark. Når her er bygningar vil det alltid vere behov for eit visst vedlikehald av desse bygningane, og det er og positivt at bygningane vert halde i stand. Til vedlikehald trengs material og utstyr, og då følgjer det med eit naturleg transportbehov.

Sandvin søker om å frakte material ved hjelp av ATV (fire- eller sekshjuls motorsykkel) med belte på. Køyringa vil skje på snødekt mark, og kan soleis samanliknast med bruk av snøskuter. Desse er sidestilt i verneforskrifta, sidan begge deler er beltekjøretøy. So lenge dette skjer på snødekt mark er det ein skånsam metode for transport i verna natur (jamfør nml § 12).

Motorferdsel vil føre med seg noko støy. Støyen kan uroe vilt, og det kan uroe andre brukarar av området. Viltet er særleg sårbart i yngletida, men nokre artar som til dømes hjort, kan vere sårbare på slutten av ein hard vinter. Ein må derfor halde god avstand til eventuelt hjortevilt som måtte opphalde seg i området. For å unngå å uroe friluftsbruakarar unødig, bør ein unngå køyring på dei tidene kor det er mest utfart. Som regel vil det vere i helgane og på heilagdagar som påske.



---

Naturmangfaldlova § 8 set krav om eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag. Det er ikkje registrert nokon sårbare artar eller andre naturverdiar i dette området som kan verte negativt påverka av køyringa. Dette føreset at dei nemnde omsyna til vilt vert teke og at køyringa skjer på godt snøføre. Forvaltninga kjenner området gjennom andre saker og kunnskapsgrunnlaget er godt.

Det er søkt om fire turar kvart år. Det er avgrensa kor mykje ein får med seg i kvar tur med små beltekøyretøy, so det er eit rimeleg omfang. Sandvin søker om å köyre i perioden 1. desember til 1. mai. Køring på snødekt mark må naturleg nok skje om vinteren/våren, og i tillegg må ein ha godt føre for å få med seg last. Erfaringsmessig er det først litt utsatt vinteren og tidleg på våren når snøen har fått «sett seg» litt. Sjølv om det skulle kome snø før nyttår, er den sjeldan god å köyre på. Nasjonalparkstyret gjev som regel løyve opp til fire år i slengen, slik at eit styre ikkje gjev løyve lenger enn ein styreperiode.

Dette er eit av få område kor det er mogeleg å köyre opp i høgfjellet og breen med beltekøyretøy og i tillegg er her fleire stolar. Det er derfor eit område kor det allereie er noko motorferdsel. Den motorferdselen som er her er likevel godt regulert av forvaltninga. Det totale omfanget og den samla belastinga er innanfor det som er akseptabelt, jamfør nml § 10.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurderte og er ikkje funne relevante i saka.

### **Informasjon om klage**

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland, miljøavdelinga  
SNO Rosendal

Njøsavegen 2      6863      LEIKANGER

**ST 12/25 Ymse**